



O.K. Charter AS  
Vestbygdvegen 11  
5918 FREKHAUG

Referanser:  
Dykkar:  
Vår: 16/909 - 16/14280

Saksbehandlar:  
Marianne Aadland Sandvik  
marianne.aadland.sandvik@meland.kommune.  
no

Dato:  
08.07.2016

## Godkjenning - GBNR 54/35 - Løyve til bruksendring av veg frå gangveg til bilveg - Husebø

**Administrativt vedtak. Saknr: 240/2016**

**Tiltakshavar:** Siren Preto  
**Ansvarleg søkjar:** O.K. Charter AS  
**Søknadstype:** Søknad om løyve til tiltak med ansvarsrett etter plan- og bygningslova (pbl.) § 20-1

### SAKSUTGREIING:

#### Tiltak:

O.K. Charter AS har på vegne av tiltakshavar, Siren Preto, søkt om løyve til bruksendring av veg frå gangveg til bilveg fram til gbnr. 54/35.

Bilvegen er søkt plassert over gbnr. 54/13 på bakgrunn av avtale frå 1996 med grunneigar. Gbnr. 54/13 er matrikkelført som landbrukseigedom, og består av fire teigar. Den omsøkte vegen er søkt plassert på ein teig på 39,7 daa og Terje Berg Husebø står i dag registrert som heimelshavar.

Vegen er omsøkt plassert delvis på areal som i arealdelen til kommuneplanen (KPA) er satt av til landbruks-, natur- og friluftformål (LNF) og delvis på areal som er satt av til LNF-spreidd bustadområde (SB\_23, Skjelanger). Ettersom bilveg er i strid med arealformålet LNF vart det søkt om dispensasjon for plasseringa. I møte den 6.6.2016, sak 42/2016, gav utval for drift og utvikling dispensasjon frå LNF-formålet i KPA til omsøkt plassering.

Vi viser elles til søknad journalført 4.4.2016.

#### **VURDERING:**

##### Nabovarsling:

Tiltaket vart nabovarsla, men det er ikkje motteke merknadar. Administrasjonen vurderer varslinga som tilstrekkeleg, jf. pbl § 21-3 første og andre ledd.

##### Høyring:

Søknaden var på høyring hos Fylkesmannen i Hordaland v/kommunal- og samfunnsplanavdelinga og Hordaland fylkeskommune v/regionalavdelinga, men det er ikkje kome merknadar frå høyringsinstansane.

##### Privatrettslige tilhøve:

På bakgrunn av avtale datert 4.7.1996, om rett til å lage felles veg fram til hyttene, er det ikkje «åpenbart» at tiltakshavar ikkje har dei privatrettslege rettigheter som søknaden føreset, jf. pbl § 21-6. Det føreligg difor ikkje grunnlag for å avvise søknaden.

Administrasjonen presiserer at eit løyve ikkje inneber ei avgjerd av privatrettslege tilhøve. Vi rår tiltakshavar å få tinglyst ein avtale om bruksrett til bilveg over gbnr. 54/13.

##### Lov- og plangrunnlag:

Anlegging av veg er søknadspliktig etter pbl § 20-1 bokstav l), og tiltaket må ikkje vere i strid med blant anna gjeldande arealformål, jf. pbl § 1-6 første ledd.

Ettersom utval for drift og utvikling i møte den 6.6.2016, sak 42/2016, gav dispensasjon frå LNF-formålet til omsøkt plassering, er bilveg i dette tilfellet ikkje i strid med arealformålet i kommuneplanens arealdel.

##### Plassering:

Plassering som omsøkt er i samsvar med avstandskrava i pbl § 29-4 andre ledd, og kan godkjennast som vist i situasjonskart journalført 4.4.2016.

##### Ansvarsrett:

Ansvarsrettar i saka går fram av erklæring om ansvarsrett journalført 4.4.2016. Ansvarleg i byggesaker står inne for at tiltaket vert utført i samsvar med krav gitt i eller i medhald av plan- og bygningslova, jf. pbl § 23-1. Ansvarleg søkjar har ansvar for at alle oppgåver er balagt med ansvar, jf. pbl § 23-4 andre ledd.

#### **VEDTAK:**

*«Meland kommune gir i medhald av pbl § 20-1 bokstav l) løyve til oppføring av veg som omsøkt på gbnr. 54/13 fram til gbnr. 54/35, jf. søknad journalført 4.4.2016. Grunngevinga går fram av saksutgreiing og vurdering ovanfor.*

*Plassering og utføring av tiltaket skal vere som vist på situasjonskart journalført 4.4.2016.*

*Dei opplysningane om byggetiltak og tiltakshavar som kjem fram i søknaden vert registrert i matrikkelen, jf. matrikkellova. Matrikkelen er det offisielle registert for fast eigedom, bygningar, bustader og adresse.*

*Dersom tiltaket ikkje er sett i gong innan tre år etter at løyve er gitt, fell løyvet vekk. Det same gjeld dersom tiltaket vert innstilt i meir enn to år, jf. pbl § 21-9. Tiltaket skal utførast i samsvar med vilkår gitt i eller i medhald av plan- og bygningslova, med mindre noko anna går fram av vurderinga eller gjennom tidlegare godkjenning»*

\*\*\*\*\*

Saka er handsama og avgjort administrativt i medhald av delegert mynde, jf. kommunelova § 23 nr. 4 og gjeldande delegasjonsreglement.

Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i forvaltningslova (fvl) og kan klagast på til Fylkesmannen i Hordaland, jf. fvl §§ 28-36. Klagefristen er 3 veker frå melding om vedtak er motteke. Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva det vert klaga på i vedtaket, og kva endringar ein ønskjer. Klagen skal grunngjevast. Før det kan reisast søksmål om vedtaket er gyldig eller krav om erstatning, må høve til å klage på vedtaket vere nytta fullt ut, jf. fvl § 27b.

Gebyr for sakshandsaminga vert ettersendt. Gebyr for teknisk forvaltningsteneste er fastsett ved forskrift. Det er ikkje høve til å klage over ei forskrift, jf. fvl §§ 3, 28 og 40. Det kan difor ikkje klagast over at det vert kravd gebyr, eller over storleiken på gebyret. Det kan klagast over kva punkt i regulativet gebyret er rekna ut i frå. Klage skal vere grunngjeven.

Med helsing

Anny Bastesen  
sektorsjef teknisk

Marianne Aadland Sandvik  
Juridisk rådgjevar byggjesak

*Dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

**Vedlegg:**

kart  
løyve  
ansvarsrett

**Mottakere:**  
O.K. Charter AS

Vestbygdvegen 11 5918

FREKHAUG